

Har investert 4 millionar

14.04.2014



Vert det meir gull for Hjørnevåg? Det håpar dagleg leiar Marit.

Brødrene Hjørnevåg AS har det siste halvåret investert 4 millionar i nytt utstyr. Det er ny pakkemaskin, ny bil og oppgradert produksjonsutstyr. Nytt ellers er leveransar til 50 Rema 1000-butikkar i Hordaland. Frå før har Hjørnevåg leveransar til Spar og Meny i fylket og andre butikkar i heile landet. Rema-avtalen omfattar røykt og salta torsk og dagleg leiar Marit Hjørnevåg håpar på leveranse av 50 000 middagar i månaden framover.

Ho opplysar til Kvinnheringen at arbeidsstokken nyleg er auka med eitt årverk og at dei også treng ein sjåfør og ein til filetering.

Målet er å gjera produkta tilgjengelege i fleire butikkar. Ifjor hadde konkurransen til Enghav konsekvensar også for verksemda i Uskedalen.

Årsresultatet vart difor ikkje så bra som venta, men omsetnaden ifjor var 32 millionar. I år satsar dei på større omsetnad og betre resultat.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen